



Utgreiing av aktsemds- vurderingar

etter Åpenhetsloven - 2023

Sognekraft AS


UTGREIING AV AKTSEMDSVURDERINGAR ETTER ÅPENHETSLOVEN – 2023

1. BAKGRUNN

Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (heretter «**Åpenhetsloven**») skal fremje verksemders respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med produksjon av varer og levering av tenester. Vidare skal lova sikre allmenta tilgang til informasjon om korleis verksemdar arbeidar mot desse måla.

Dei selskapa som er omfatta av lova er forplikta til å utføre og rapportere om såkalla aktsemdsvurderingar etter lova §§ 4, 5 og 6. Aktsemdsvurderingar inneber kort fortalt ein stegvis prosess for å kartleggje, førebyggje, gjere reie for og følgje opp korleis verksemda handterer vesentlege negative konsekvensar/risiko for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Den aktuelle prosessen er illustrert i 6 punkt i figuren under:

FIGUR 1. AKTSOMHETSIVURDERINGSPROSESSEN OG STØTTETILTAK



Sognekraft AS («Sognekraft») er definert som ei større verksemd etter lova § 3 (1), bokstav a, og er difor omfatta av krava i lova. Sognekraft må difor utføre og greie ut om aktsemdsvurderingar i selskapet, jf. §§ 5 og 6. Som morselskap i eit konsern med fleire dotterselskap vil aktsemdsvurderingane også omfatte aktivitetane i dei respektive dotterselskapa med fokus på den vesentlege risikoen som desse aktivitetane inneber for nemnde rettar.

2. ORGANISERING

Sognekraftkonsernet si verksemd omfattar produksjon, distribusjon og omsetning av energi, breiband og infrastruktur, samt verksemd i samband med desse kjerneaktivitetane.¹ Medan morselskapet Sognekraft AS driv overordna styring og leverer konserninterne tenester til heile konsernet, vert kjerneaktivitetane utført i dotterselskapa. Dotterselskapa under Sognekraft AS omfattar per d.d. 2023 følgjande selskap med sine hovudaktivitetar:

- Sognekraft Produksjon AS driv i all hovudsak vasskraftproduksjon, her inkludert utbygging og drift av kraftverk. I tillegg eig og driftar selskapet eit fjordenergianlegg, og har eigardelar i andre selskap som har vasskraftproduksjon i drift og under utbygging eller planlegging. Utbygginga av nye kraftverk skjer primært gjennom inngåing av leverandør-/entreprisekontraktar med norske selskap. Sognekraft Produksjon har sjølvstendig rapporteringsplikt etter lova.
- Sygnir AS har ansvaret for overføring av elektrisk kraft til nettkundar i Sogn. Dette inneber at Sygnir byggjer og driftar nettanlegg innan konsesjonsområdet sitt (Vik, Sogndal, Aurland og Lærdal). Drift og vedlikehald av linjer vert i hovudsak utført i eigenregi, medan større nettutbyggingsprosjekt primært vert utført gjennom inngåing av leverandør-/entreprisekontraktar med norske selskap. Sygnir har sjølvstendig rapporteringsplikt etter lova.
- Sognenett AS leverer tilgang til infrastruktur, kommunikasjonsløyningar og internettaksess for privatpersonar, operatørar, verksemdar og det offentlege. Sognenett byggjer eigen infrastruktur basert på IKT utstyr via norske distributørar, men som hovudsakeleg er kjøpt inn frå Asia og USA. I tillegg vert det nytta norske konsulenttenester i form av teknisk støtte, drift og overvaking.
- Sognekraft Utvikling AS er eit nystarta selskap (2023) som skal arbeide med nye grønne arbeidsplassar i regionen. Det er ingen tilsette i selskapet.
- Sognekraft Fiber AS sel fiberkapasitet til dei andre selskapa i konsernet samt forvaltar avtalen/samarbeidet med Sognenett AS. Det er ingen tilsette i selskapet.
- Vik Industrier Eigedom AS eig eigedomar i Vik. Det er ingen tilsette i selskapet.

Nokre av dotterselskapa, slik som Sognekraft Produksjon, har eigne dotterselskap som inngår i konsernet og som driv nemnde kjerneverksemd. Dette er typiske «SPV»²-ar utan tilsette som driftar eit kraftverk eller eit kraftverksprosjekt.

¹ Det var totalt 140 tilsette i konsernet per 31.12.22.

² «Single Purpose Vehicle» (spesialforetak) som vert etablert med eit spesifikt og avgrensa føremål.

3. AKTSEMDSVURDERINGAR

3.1. Innleiing

Sognekraft har forankra nye retningslinjer og tiltak for å stanse, førebyggje eller avgrense negative konsekvensar i konsernet. Det er også gjort eit omfattande arbeid med å kartleggje konsernet sine aktivitetar og vurdere korleis desse aktivitetane inneber vesentleg risiko for faktiske og potensielle negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Arbeidet med Åpenhetsloven per 2023 kan oppsummerast i tabellen under. Dei enkelte punkta er vidare utdjupa lenger nede i utgreiinga.

Sjå figur	Krav/tiltak	Status
1	Forankre ansvarlegheit	<ul style="list-style-type: none"> Vedtaking av retningslinjer og øvrige styringsdokument.
2	Kartlegg og vurder negativ påverknad/skade	<ul style="list-style-type: none"> Det er gjennomført kartleggingar og vurderingar av aktivitetar i konsernet.
3	Stans, førebygg eller redusere	<ul style="list-style-type: none"> Det er ikkje avdekka funn for brot eller mistanke om brot på aktivitetar som konsernet er involvert i. Nemnde forankring har likevel etablert tiltak for å stanse, førebyggje og redusere eventuelle brot
4	Overvak, gjennomføring og resultat	<ul style="list-style-type: none"> Leverandørkrav vil takast med i kontraktar/førespurnader og følgjast opp i kontraktsperiodane Konkret implementering og praktisk oppfølging skal gjennomførast
5	Kommuniser korleis påverknaden er handtert	<ul style="list-style-type: none"> Rapporten vert publisert saman med informasjon om at ein kan henvende seg for meir informasjon
6	Sørg for, eller samarbeid om gjenoppretting	<ul style="list-style-type: none"> Det er ikkje avdekka vesentlege funn/risiko som må rettast opp

3.2. Forankre ansvarlegheit (steg 1)

Å forankre «ansvarlegheit» etter § 4 (1) bokstav a syner i denne samanheng til eit krav om at verksemda har etablert rutinar for korleis dei arbeider med å redusere risiko for negativ påverknad på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidshøve, slik at dette kan innarbeidast i den ordinære forretningsdrifta. Konsernet si øvste leiing – konsernstyret og konsernsjef – har i den samanhengen gitt følgjande sentrale styringsdokument:

- «Prosedyre for arbeids- og menneskerettar»: Dette er ei forpliktingserklæring med prinsipp med å sikre grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidshøve.
- «Retningslinjene for utføring av aktsemdsvurderingar»: dette er ein plan for korleis konsernet skal utføre aktsemdsvurderingar, som også omfattar leverandørkjeder og forretningspartnarar.
- «Etiske retningslinjer for leverandørar»: Det gjeld etiske standardkrav, her inkl. krav om å verne menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, som konsernet vil stille mot leverandørane sine. Dette er i seg sjølv eit svært viktig tiltak for å sikre måloppnåinga i Åpenhetsloven.
- «Etiske retningslinjer i Sognekraftkonsernet»: Dette er etiske retningslinjer for Sognekraftkonsernet som blant anna skal bidra til eit etiske forsvarleg næringsliv og forsvarleg styring.

Sognekraft sine kjerneverdier er *tryggleik for liv og helse, trivsel og inkludering, påliteleg og nyskapande*. Ovannemnde styringsdokument inngår difor naturleg i Sognekraft sine eksisterande kjerneverdier og øvrige styringsdokumentet. Som konsern med høg aktivitet innan utbygging og drift av kraft- og nettanlegg har Sognekraft allereie eit prioritert fokus på helse og sikkerheitsarbeid som skal verne dei som utfører slikt arbeid.

3.3. Kartlegging og vurderingar (steg 2)

Dei vesentlegaste aktivitetane til Sognekraft AS som er aktuelle å vurdere i denne samanhengen angår leveransar av varer og tenester til dei andre selskapa i konsernet. I tillegg til eigne utførte tenester (økonomi, HR, IKT etc.), omfattar dette også eksterne leveransar, til dømes innkjøp av IKT-leveransar, reinhaldstenester og kontorrekvisita.

Verken Sognekraft eller konsernet for øvrig har nokon direkte aktivitetar utanfor Noregs grenser, men deler av dei innkjøpte varene og tenestene stammar frå andre land. Til dømes vert ein del maskinvare produsert i Asia. Det *største risikoen* for brot på menneskerettar gjer seg såleis gjeldande først og fremst lenger nede i leverandørkjeda, dvs. der varene vert produsert og råvarematerialaet utvinne. Dette er risiko som Sognekraft i liten grad kan påverke direkte. Sognekraft si påverknadsgrad er vurdert størst særleg i det første kontraktsleddet, der ein kan stille krav til leverandørane i tilbudsforespurnader og

kontraktar. Som ansvarleg innkjøpar av varer og tenester kan Sognekraft i alle tilfelle rette eit auka fokus mot produksjonsopphav, her inkl. arbeidsforholda til tilsette, og dermed indirekte påverke leverandørkjeda som del av fleire innkjøparar med same fokus.

Sognekraft sine kartleggingar omfattar også aktivitetane til dotterselskapa i konsernet. For dotterselskapa gjer dei same omsyna seg gjeldande for dei varer og tenester dei sjølv direkte anskaffar som ledd den respektive kjerneverksemda. Den nemnde «opphavsrisikoen» knytt seg her i hovudsak til innkjøp av elektriske komponentar og anna mekanisk utstyr, til dømes kablar og leidningar til bruk i kraftverks- og nettverksemda, men også routere, switcher og optikk, samt kundespesifikt- og trådløst utstyr som Soggenett nyttar i verksemda si. I tillegg omfattar innkjøpa i konsernet også større ferdigvarer/komponentar som del av dei utbyggingsprosjekt av nettanlegg og kraftverk som vert gjennomført av Sygnir og Sognekraft Produksjon. Dette omfattar då til dømes transformatorar, apparat- og kontrollanlegg, elektriske bilar etc. Størstedelen av slikt elektromekanisk utstyr vert produsert i utlandet, som Aust-Europa eller Asiatiske land, der arbeidstakarvernet særleg i sistnemnde står svakt og der eventuelt brot er relatert til arbeidstid og (manglande) organisasjonsfridom.

Vidare omfattar ein vesentleg del av aktivitetane i særleg Sognekraft Produksjon og Sygnir arbeid med risiko for liv og helse, samt kvile og ferie. Dette gjeld både for tilsette som utfører arbeid med – eller i tilknytning til – spenningssette anlegg, og for tilsette hjå dei entreprenørar/leverandørar som vert engasjert til utføring av slikt arbeid. Som døme kan nemnast etablering og drift av kraftleidningar og fibertilknytning. Dette er risiko som Sognekraft har klar påverknadskraft over og som uansett er ein viktig prioritet. Aktivitetane som angår kraft- og nettutbyggar er også underlagt strenge lovpålagte krav.

Pågåande prosjekt og eksisterande, spenningssette anlegg inneber også ein viss risiko for utanforståande tredjemenn (grunneigarar, turgåarar, naboar etc.). Når det gjeld utanforståande tredjemenn er ein til dømes forplikta til å merke/skilte og låse spenningssette anlegg slik at utanforståande vert oppmerksame på faren.

Kombinert med øvrig HMS-arbeid og styringsdokument, samt tett oppfølging på byggjeplass i pågåande prosjekt, vil Sognekraft (framleis) ha høgt fokus på slikt risikoutsett arbeid. Dei nemnde leverandørkrava er i den samanhengen også eit viktig tiltak for å sjå til at Sognekraft sine leverandørar tek omsyn til slik risiko i prosjekt – både i eigen organisasjon og gjennom bruk av tilsette i underleverandørselskap.

3.4. Stans, førebygg eller redusere (Steg 3)

Sjølv om det ikkje er avdekket brot eller mistanke om brot på aktivitetar som konsernet er involvert i, så vil Sognekraft gjennom vedtakinga av nemnde retningslinjer ha eit auka fokus på ivaretaking av menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Når ein skal finne egna tiltak for å stanse, førebyggje eller avgrense negative konsekvensar, vil ein ta utgangspunkt i prioriteringane og vurderingane som vart gjort i kartleggingsfasen. Kva slags tiltak som bør verksetjast, kjem blant anna an på kva relasjon ein har til dei negative konsekvensane som ble oppdaga under kartlegginga.

Sognekraft er generelt oppteken av å innleie dialog med den aktuelle entreprenøren/leverandøren eller forretningspartnaren for å avklare situasjonen og vurdere aktuelle tiltak. Sognekraft har i den samanhengen tru på at det er best om partane forsøker å løyser situasjonar i fellesskap først, slik at inngripande, kontraktsrettslege sanksjonar ikkje vert naudsynte. Dette kan likevel verte resultatet dersom eventuelle brot ikkje vert retta.

3.5. Overvak, gjennomføring og resultat (Steg 4)

Den vesentlege risikoen som er avdekkja gjennom nemnde kartlegging vil inngå i det øvrige risikoarbeidet i konsernet. Vidare vil det som nemnd stillast krav til leverandørane som del av tilbudsforespurnader og kontraktsinngåingar, sjå «Etiske retningslinjer for leverandørar». Dette inneber også at tilsette i konsernet vil oppfordrast – og få eit auka fokus – til å følgje opp og overvake korleis vi sjølve og entreprenørane/leverandørane varetek desse krava. Det skal og leggjast til rette for at brot eller mistanke om brot enkelt skal kunne varslast.

Basert på dette vil Sognekraft også ha fokus på om tiltaka – eksisterande og nye – faktisk fungerer eller om det bør gjerast noko annleis i tida framover for å forbetre dei.

3.6. Kommuniser korleis påverknaden er handtert (Steg 5)

Sognekraft har utarbeidd denne utgreiinga for aktsemdsvurderingar i konsernet. Vidare vil Sognekraft Produksjon og Sygnir, som sjølv er direkte underlagd lova, også utarbeide utgreiingar for eigen del som vert publisert på dei respektive nettsidene. Sognekraft Produksjon si utgreiing, inkl. utgreiinga til det deleigde selskapet Leikanger Kraft AS, vil finnast på Sognekraft si nettside.

4. OPPSUMMERING

Sognekraft har tatt viktige steg for å ivareta krava etter Åpenhetsloven. I tillegg til å forankra ansvarlegheit gjennom nye retningslinjer, er det gjennomført kartleggingar og vurderingar for å avdekke (risiko for) brot på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Sjølv om kartleggingane av Sognekraft sine aktivitetar ikkje har vorte avdekkja brot på menneskerettar, har Sognekraft vurdert og vedteke tiltak for å fremje menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Dette vil følgjast opp i tida framover.

Aktsemdsvurderingane er som kjend løpande vurderingar som kan endre seg avhengig av korleis konsernet utviklar seg og tek del i andre/nye aktivitetar. Arbeidet hittil har involvert

fleire ansvarlege tilsette i konsernet med mål om å sikra fokus, forståing og engasjementet. Dette er også viktig for det vidare arbeidet med å implementere retningslinjene og sikre god praksis i konsernet som heilheit.

Vik, 13. juni 2023

Geir Arve Sandvik
styreleiar

Gunn Cecilie Timberlid Hundere
nestleiar

Jens Melheim
styremedlem

Arne Andreas Riisnes
styremedlem

Grethe Hjetland
styremedlem

Silje Skaar Sunde
styremedlem

Jomar Leirdal
styremedlem

Rune Svedal
styremedlem

Terje Bakke Nævdal
Konsernsjef